

Per Engene,  
Valenvegen 208,  
3800 Bø i Telemark.  
Tlf.: 35 95 12 44.  
Epost: [prengene@online.no](mailto:prengene@online.no)

16. sept. 2010

### **Det avgjerande beviset mot IPCC.**

Nokre sentrale naturlover som styrer klimaet viser at FN's klimapanel, IPCC, tek feil. Den eine av naturlovene seier at det er temperatur og trykk som bestemmer kor mykje vassdamp lufta kan ta opp og halde på. Med høgare temperatur kan lufta ta opp meir vassdamp. Når varm fuktig luft blir avkjølt, må lufta gje frå seg overflødig vassdamp. Me får dogg, skodde og nedbør, noko alle kan observere. Når varm havluft møter fjella på Vestlandet, og lufta blir pressa til vers og avkjølt, får me kraftig nedbør. Det same skjer når varm fuktig luft møter ein kaldfront. Denne naturlova styrer fordamping og nedbør, som er ein viktig del av klimaet.

Den same naturlova gjeld på same måten for CO<sub>2</sub> og fleire andre gassar. Når varm luft med stort innhald av CO<sub>2</sub> blir avkjølt som hjå oss om vinteren og i arktiske strøk, blir overflødig CO<sub>2</sub> løyst opp i nedbør, vatn og hav i samsvar med gassbalansen for CO<sub>2</sub> mellom luft og vatn, som er om lag 1 del CO<sub>2</sub> i luft i forhold til 50 delar CO<sub>2</sub> i vatn. Det motsette skjer om sommaren hjå oss og i tropiske strøk der eit undertrykk av CO<sub>2</sub> i lufta får vatn og hav til å boble CO<sub>2</sub> på same måten som ei flaske øl boblar CO<sub>2</sub>. Til saman er det 500 mrd. tonn CO<sub>2</sub> som blir sirkulert ned i havet, og nesten like mykje opp av havet per år. Det er tjue gonger så mykje CO<sub>2</sub> som dei 25 mrd. tonn som kjem frå brenning av fossilt brensel, og som blir med i dette dragsuget. Dei 50 mrd. tonn CO<sub>2</sub> i middel per år frå jordskorpa og vulkanar i mill. av år har naturen overført til havet der det er avleira som karbonat på botnen, for det meste som kalsiumkarbonat; kalkstein, krit eller marmor. Denne naturlova styrer dermed gassbalansen for CO<sub>2</sub> mellom luft og vatn, som er ein del CO<sub>2</sub> i luft i forhold til 50 delar CO<sub>2</sub> i vatn.

Dette er det avgjerande beviset mot IPCC, men det kan tilføyast at CO<sub>2</sub> er usynleg. Og "nedbøren" frå CO<sub>2</sub> er usynleg. Me kan heller ikkje sjå at havet boblar CO<sub>2</sub>, berre at ølet boblar CO<sub>2</sub>. Naturlova gjeld like fullt, og fører til at det er fysisk umuleg at UTSLEPP av CO<sub>2</sub> kan gje høgare temperatur på jorda. Normal mengd CO<sub>2</sub> i lufta på 300-390 ppm gjer at CO<sub>2</sub> står for 1,6% av atmosfæreeffekten, eller om lag 0,5 grader C, av i alt 33 grader C. Ekstra UTSLEPP av CO<sub>2</sub> fører ikkje til høgare temperatur; for det første fordi overflødig CO<sub>2</sub> blir effektivt løyst opp i vatn og hav, for det andre fordi 390 ppm CO<sub>2</sub> absorberer så godt som alle varmestrålar i CO<sub>2</sub>-spekteret, slik at det ikkje er fleire varmestrålar å absorbere. Legg merke til at det trengst ikkje fleire bevis for å leggje propagandaen frå IPCC død. Ei klimakrise pga. utslepp av CO<sub>2</sub> er berre rein innbilling.

Fleire naturlover som styrer klimaet viser det same: Absorpsjonslova, Henrys lov, Guldberg-Waage-lova og dei termodynamiske lovene.

Per Engene, biolog, miljøaktivist og stiftar av organisasjonen Klimarealistene